



Astrid og Atle Aalen  
Stemmelia 52  
5223 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4508 - 14/21764

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
24.09.2014

## Vedkomande utført tiltak på gbnr 174/13 og 23 Seim

Lindås kommune viser til Dykkar brev motteke her 05.09.2014 vedkomande dokumentasjon på utført tiltak.

I brevet går det fram at byggja vart lengre for å tilpassa terrenget. Det er ikkje angitt storleik på den bryggja som no er bygd, i høve til den bryggja som tidlegare er gjeve løyve til.

I vedtak datert 17.04.2013 vart det gjeve løyve til oppføring av bryggje på 1,5x2 meter. Det er også dette tiltaket det er gjeve dispensasjon til i vedtak i Plan- og miljøutvalet den 12.12.2013.

Når tiltaket no er endra ut i frå det som det er gjeve løyve til, så må det sendast inn søknad om endring. Lindås kommune kan ikkje gje ferdigattest til tiltaket før det er gjeve løyve til endring, eller det vert dokumentert at tiltaket er utført i samsvar med løyve datert 17.04.2013.

Søknadsskjema er å finna på [www.dibk.no](http://www.dibk.no).

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

